



Valen skule

v/ einingsleiar Frode Gaasdal

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2019/2072-1		26.06.2019

Tilsynsrapport - varsel om pålegg om retting - Valen skule - 185/54

Viser til tilsynet 11.06.2019 der miljøretta helsevern tok initiativ til eit tilsyn av Valen skule. Med på tilsynet var einingsleiar ved skulen Frode Gaasdal, verneombod på skulen Anna Skarveland, ansvarleg for bygg Bjørn Røssland, arbeidsleiar for reinhaldarane Solveig Gloppen, og miljøkonsulent Synneve Skei.

Rapporten vert regna som endelig om vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er mottatt. Rapporten vil vera tilgjengeleg for offentlegheita via Kvinnherad kommune sin postjournal www.kvinnherad.kommune.no (jf. offentleglova).

Rapporten skal gi ein tilstandsvurdering av miljømessige forhold av eininga og omtalar avvik og merknader som vart avdekka tilsynsdagen.

Bakgrunn, tema og omfang

Føremålet med tilsynet:

- Bidra til at elevane vert sikra eit godt innemiljø på skulen
- Kontrollere at skulen vert drifta i medhald til «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»

Følgjande paragrafar vart vektlagt under tilsynet:

- § 13. Reingjering og vedlikehald
- § 14. Tryggleik og helsemessig beredskap
- § 19. Inneklima og luftkvalitet
- § 20. Belysning

Tilsynet vart gjennomført ved gjennomgang av dokument, intervju og synfaring av rom elevane oppheld seg i på skulen og uteområdet.

Saksopplysning

Valen skule har 114 elevar på skulen med ein klasse på kvart trinn. Uteområdet er stort med muligheit for variert aktivitet.

§ 4. Ansvar. Internkontroll

Heile kommunen er i gang med å leggja inn prosedyrar og rutinar i Compilosystemet. Det er forventa at internkontroll som omfattar miljøretta helsevern vert utarbeida i systemet slik at skulen viser at den vert drifta etter forskrift om miljøretta helsevern. Ein vil ved seinare tilsyn leggja meir vekt på om dette er ivareteke.

§ 20. Belysning og § 19. Inneklima.

1. Skulen har inneklimamålingar frå 2012. Ein forventar at nye målingar vert utført omtrent kvart 5. år.
2. Skulen nyttar tilfluktsrommet til musikkundervisning. Det er teppe på golvet og rommet manglar tilgang på dagslys og tilfredsstillande ventilasjon.
3. Skulen nyttar eit grupperom (B 127a) som ikkje har solavskjerming. Dårlig blanding fører til at rommet vert veldig varmt på dagar med sol.

§ 14. Tryggleik og helsemessig beredskap

4. Vindauga som vender ut mot skuleplassen er ikkje knusesikre. Einingsleiar opplyser at dette er ei bekymring. Dersom vindaugo vert knuste er dette ei risiko for personar som oppheld seg inne.



5. Kranane på vaskane er ikkje skåldesikre og vatnet som borna nyttar kan overstige 38 grader. Det vart observert at dusjkranane i garderoben ikkje tilfredsstilte krav til sikker temperatur på vatn. Ved bruk av feil krane er det risiko for at vatnet kan verta feil temperert.

6. Opphenget som heng i gymsalen som styrer tauringane kan vera risiko for at borna spring borti og skadar seg.



7. Einingsleiar opplyste om at trapp i fløy C111 ikkje har sklisikre trinn. Dette fører til risiko for fall i trappa. Det er også ei risiko for at nokon kan falle over rekkverket sidan dette er lågare enn vanleg standard på rekkverk i trapper.

Varsel om pålegg:

Dette brevet er eit varsel om retting. Dersom vi ikkje mottok skriftleg tilbakemelding med opplysningar om at de har gjort tiltak innan **31.01.2020** vil vi sende ut vedtak om retting.

For å unngå vedtak om retting må du tilbakemelde på følgjande avvik:

1. Skulen må dokumentere tilfredsstillande inneklime (radon, temperatur, CO2, luftfuktigheit) § 19.
2. Tilfluktsrom som manglar dagslys og ventilasjon må avviklast som undervisningsrom og opphaldsrom, § 20 og § 19.
3. Grupperommet som vert nytta av elevar må ha solskjerming, § 20.
4. For vindaugo som ikkje er knusesikre må det leggjast opp til ein plan for å for å tryggje at ingen skadar seg dersom nokon fell inn i dei eller på anna vis vert knuste. Dette er eit avvik frå krav fastsatt i «Forskrift om miljøretta helsevern» § 13, § 14 og § 19.
5. Kranane på vaskane og dusj kranane som ikkje er skåldesikre må sikrast, §14.
6. Oppheng til turnringane i gymsal må sikrast så ikkje nokon skadar seg ved samanstøyt, § 14.
7. Trappa i fløy C 111 må sikrast mot fall, § 14, samt sikring av rekkverk som er for lågt, § 14.

Merknad:

Einingsleiar og verneombod opplyste at når skulen har utleige av skulekjøkken til private er det eit problem at reingjeringa ikkje er god nok etter bruk. Undervisningstimane til elevane går ofte vekk i

å rydde og vaske opp etter andre. For å tryggje dei hygieniske forholda vert det rådd til å ta kontakt med Mattilsynet for å få råd til å løysa problemet.

Definisjon:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsatt i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmynde meiner er nødvendig å påpeika, men som ikkje er omfatta av definisjon for avvik. Eininga si manglande etterleving av eigne reglar som er strengare enn lovkrava, vil frå tilsynsmynde si side ikkje verta betrakta som eit avvik, men kan verta omtala som ein merknad.

Heimel og dokumentunderlag

Det fylgjer av § 9 i lov om folkehelsearbeid at kommunen skal føra tilsyn med dei faktorar og forhold i miljøet som til ein kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa.

Vidare grunnlag for tilsynet er *forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* og helsedirektoratet sin vegleiar til forskrifta "Miljø og helse i skolen" (IS-2073).

Tilbakemelding på tilsynsrapporten, varsel om retting

Dersom det er behov for å komme med tilleggsopplysningar, eller rapporten skulle vera ukorrekt på enkeltpunkt ber vi om tilbakemelding innan 14 dagar frå mottaksdato.

Vi ber skulen om ei skriftleg tilbakemelding på at avvika er retta og ei beskriving av gjennomførte tiltak innan fristen. Skulle det ikkje la seg gjere å rette avvika innan desse fristane, ber vi om ei tilbakemelding om årsaka og ein tidfesta handlingsplan for når avvika vil verta retta.

Ved manglande tilbakemelding og gjennomføring, vil eit vedtak om retting verta sendt ut. Eit slikt rettevedtak vert heimla i folkehelselova § 14.

Frist for tilbakemelding

Frist for tilbakemelding er sett til **31.01.2020**. Tilbakemelding skal sendast til miljøretta helsevern i Kvinnherad kommune post@kvinnherad.kommune.no

Med helsing

Synneve Skei
Saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Anne Sofie Bjelland Kjeka

Bjørn Røssland

Glenn André Opland

Kristin Kaldestad

Mottakarar:

Frode Gaasdal